



Skjerping, Nina

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3103 - 14/8929

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
11.04.2014

Løyve til igangsetting - gbnr 229/6 Bjørsvik - settefiskanlegg

Syner til søknad om igangsettingsløyve motteken 31.03.2014.

Vedtak

Arbeid godteke i rammeløyve av 16.10.2013 vert no tillete sett i gong.

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§23-4 til 23-6 vert søknad om ansvarsrett med funksjonar og ansvarsområde som skildra under av snitt «Ansvar og kontroll» godkjent.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Plan- og bygningsstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søkjar formidlar aktuelle krav vidare til utførande føretak.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/tiltaksklasse/ansvarsområde	Org. nummer
AKVATOR AS	S	PRO, T2, grunnarbeid uteareal og landskap	883532872
AKVATOR AS	S	PRO, T2, vassforsyning/avløp/fjernvarme, rør i grunn	883532872
Fyllingen Maskin AS	S	UTF, T2, grunnarbeid og landskapsutforming	940564999
Fyllingen Maskin AS	S	UTF, T2, plasstøpte betongkonstruksjonar	940564999
Austevoll Rørteknikk AS	S	UTF, T1, røyrlarbeid	997268458

*S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning.

Plassering og høgdeplassering

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av rammeløyve.



Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

10.2. Søknadspliktige tiltak §20-1	Gebyr
10.2.8 Søknad om igangsetting	Kr. 2.800,-
10.3.3 Godkjenning av ansvarsrett. Kr. 1000,- pr. føretak med sentral godkjenning x 2	Kr. 2.000,-
SUM	Kr. 4.800,-

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fv. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lerøy Vest AS

Bontelabo 2

5020

BERGEN

Mottakarar:

Skjerping, Nina